

Haugen VVA
Alver Kommune
Kristian Solheim

Knarvik, 09.02.2021

Tilsvar til merknad frå nabo gbnr 137/178, Kristian Solheim.

Vi viser til oversending av brev frå kommunen motteke 02.02.2021

I denne saka lyt vi som utførande entreprenør seie oss samd i at eit av dei avbøtande tiltaka i høve overvatn ser ut til ikkje å har fungert etter intensjonen. Tiltaket vert retta snarast.

Enkel utgreiing.

Vi har vore klar over overvassproblematikk i området, spesielt etter merknad og seinare dialog med nabo i byggesaka.

Difor har vi no i anleggsfasen og fram til det overordna/endelege overvass systemet kjem på plass, gjennomført fleire mellombelse og førebyggjande tiltak i området. Dette for å hindre meir vatn inn på nabo sitt område, slik vi har lova.

Eit av desse tiltaket (rør på bilde 1 i nabomerknad) kan ha vist seg å ikkje lede alt vatnet i tenkt retning (aust for nabo sin eigedom). Noko av vatnet frå røret kan ha teke vegen vestover (slik vist på bilde 2 i nabomerknad, med tusj) og inn på nabo sin eigedom utan at vi har oppdaga dette. Vi beklagar dette.

Strakstiltak

Vi vil montere bend på røret, samt forlenge dette slik at vi er sikker på at vatnet vil ta rett veg (aust).

Retting av skade.

Vi ønskjer å rette skaden på stien om det viser seg at dette er skade som følge av vatnet frå røret. Vi ber difor om at nabo tek direkte kontakt med oss for fellessynfaring når telen har slept taket.

Borehol/brønn med pumpe.

Dersom det er kome skade på borehol eller anna for nabo, vil dette vere ei forsikrings sak. Nabo lyt melde dette til sitt forsikrings selskap som vil ta saka vidare med oss.

Vegen vidare

Etter kvart som anlegget vert ferdig vil også det endelege systemet kome på plass, Vi er trygg på at det ikkje skal kome meir vatn inn på nabo sin eigedom enn det som har vore frå før, slik vi har lova.

VISJON:

HEILSKAP
OG KVALITET

Osterfjordv.124
5914 Isdalstø

Org.nr :
982 231 345

epost: post@reigstadbygg.no

heimeside: www.reigstadbygg.no

Dagleg leiar:
Geir Reigstad:
92 60 82 35
geir@reigstadbygg.no

Bygg

Fagleg leiar:
Håkon Reigstad
92 60 82 36
hakon@reigstadbygg.no

Fagleg leiar
byggesak og
prosjektering:
Kjell Reigstad
97 74 79 64
kjell@reigstadbygg.no

Teikning
Prosjektering,
Byggesak
Nybygg
Tilbygg
Bustad
Garasjar
Hytter

Entreprenør

Fagleg leiar
Rolf Reigstad
90 03 97 61
rolf@reigstadbygg.no

Graving,
Boring
Sprenging
Transport
Støyping
Natursteins
Muring
Uteareal
Grøntareal

Dersom nabo oppdagar at noverande eller framtidig tiltak ikkje er tilstrekkeleg, eller har merknader til andre ting, ber vi om at han tek kontakt med oss. Vi ønskjer eit godt forhold til alle vore naboar, slik vi også har skreve om tidlegare.

Med vennleg helsing
For Reigstad Bygg og Eigedom as

Kjell-A. Reigstad